

## Homopioneren Magnus Hirschfeld i norske aviser i første halvdel av 1900-talet

Stian Hårstad

**Den tyske legen Magnus Hirschfeld (1868–1935) er ein særst sentral figur i historia om kampen for homofile sine rettar. Han var dessutan banebrytande i den vitenskaplege utforskinga av seksualitet og i arbeidet for lovreformer som gjaldt både prostitusjon, familieplanlegging og regulering av ekteskapet.**

Mykje av det han arbeidde med, var omstridd både politisk og teologisk, og han vart etter kvart ein vidkjend mann – beundra av nokon, spotta av andre. Nokre av dei kontroversielle sakene han var knytt til, vart òg formidla til norske avislesarar, og her skal vi ta ein sveip over den mediedekninga Magnus Hirschfeld fekk i Noreg i første del av 1900-talet.<sup>1</sup> Viktige hendingar i livet til vitenskapsmannen og aktivisten Hirschfeld blir spegla i mange av avisoppslaga, og for å få eit litt fyldigare bakteppe å sjå desse mot, skisserer eg først nokre hovuddrag i biografien hans.

Magnus Hirschfeld var fødd i Kolberg, det som i dag er Kołobrzeg nordvest i Polen, som ein av ti (kanskje elleve) ungar i ein jødisk familie. Etter studiar fleire stader i det tyske riket (mellom anna i München der han vart kjent med Henrik Ibsen) vart han ferdig utdanna som lege i 1892. Han starta privatpraksis i Magdeburg i 1894, men etter berre to år flytta han til Charlottenburg, som den gongen var ein eigen by rett utanfor Berlin. Her heldt han fram med å ta imot pasientar, men han hadde også mykje anna på gang. Tett samanvove med den medisinske praksisen var eit prosjekt som hadde både eit vitenskapleg, eit reformatorisk og eit emansipatorisk aspekt. Hirschfeld sette *Per scientiam ad justitiam* 'Gjennom vitenskap til rettferd' som motto for verksemda si, men det skulle vise seg krevjande å skulle balansere mellom dei vitenskaplege prinsippa og hugen til aktivisme. Han fekk etter kvart kritikk frå både akademisk og politisk hald fordi han blanda to tilnærmingar som ikkje lét seg sameine: Forskinga skulle vera objektiv og upåverka av ideologiske syn, mens den politiske kampen for grunnleggande rettar skulle først utan omsyn til kva ein måtte oppdaga på studerkammerset.

I 1897 skipa Hirschfeld *Das Wissenschaftlich-humanitäre Komitee (WhK)* 'Den vitenskapleg-humanitære komiteen' saman med ein liten krins av likesinna. Formålet med denne foreininga var å arbeide for å

---

<sup>1</sup> I gjennomgangen av den store mengda avistekstar har eg vore prisgitt Nasjonalbibliotekets digitale søkeverktøy. Det betyr at aviser som enno ikkje er digitaliserte og gjort søkbare der, ikkje er undersøkt. Ein må òg ta høgde for at personen Hirschfeld og verksemda hans kan vera omtalt utan at namnet hans er med, eller at namnet er feilskriva på andre måtar enn dei eg har leita etter. Magnus Hirschfeld er elles nemnd i fleire artiklar enn dei som blir kommenterte her, men da stort sett i ulike namnelister (t.d over «bekjente tyske sosialister» m.v.). Eg har konsentrert framstillinga om avisomtalar der det blir høveleg klart for lesaren kva felt Hirschfeld verkar innanfor. Eg set til utgjevingsstad i parentes der dette ikkje går tydeleg fram av avisnamnet åleine.

betre vilkåra for seksuelle minoritetar, ikkje minst rettsleg, og dermed kan *WhK* seiast å vera den første LHBT-organisasjonen i historia. Frå 1899 gav *WhK* ut *Jahrbuch für sexuelle Zwischenstufen* 'Årbok for seksuelle mellomsteg', verdas første tidsskrift som omhandlar seksualmangfold. Både Hirschfeld og andre i komiteen var høgst skriveføre, og det kom etter kvart mange publikasjonar frå dette miljøet. Mellom anna vart verdas første homotidsskrift, *Der Eigene* 'Den eigne', starta i 1896 av Adolf Brand, som var med i *WhK* nesten frå starten. I 1901 gav *WhK* ut det vesle heftet *Was muß das Volk vom dritten Geschlecht wissen!* 'Kva må folket vita om det tredje kjønnet!' som gjer greie for dei nokså radikale synspunkta organisasjonen stod for. Denne teksten var i hovudsak ført i pennen av Hirschfeld, og han utfalda temaet monaleg i boka *Berlins Drittes Geschlecht* 'Berlins tredje kjønn' som kom i 1904. I 1910 kom han med boka *Die Transvestiten* 'Transvestittane', der han lanserer det sjølv laga ordet *transvestitt* som fagleg term.

I 1919 oppretta Hirschfeld *Institut für Sexualwissenschaft* 'Institutt for seksualvitskap' i Berlin, verdas første forskingssenter med menneskets seksualitet som felt. To år seinare var instituttet vertskap for historias første internasjonale kongress for seksualreform på vitskapleg grunnlag. Her møttest sosialmedisinarar, psykologar og andre forskarar som til liks med Hirschfeld meinte at reformer på dette området måtte forankrast i vitskap. Det skulle gå sju år før den neste kongressen fann stad, i København (meir om dette nedanfor), og der vart den såkalla verdsligaen for seksualreform skipa.

Så vidt ein kjenner til, «outa» ikkje Magnus Hirschfeld seg sjølv til ålmenta nokon gong, men det at han arbeidde så inngåande med rettar for homofile og andre seksuelle minoritetar, var i seg sjølv ein raud klut for mange i dei politiske miljøa som etter kvart skulle samlast i det nasjonalsosialistiske arbeidarpartiet *NSDAP*. At han tillegg var av jødisk familie og hadde openberre sympatiar med venstresida i politikken, gjorde han til eit enda klarare hatobjekt. I 1920 vart han brutalt slått ned i München av høgreekstreme aktivistar, og det skulle komme fleire slike fysiske åtak frå meiningsmotstandarar. Minst like trugande var nok den massive verbale sjikanen, og utover i 1920-åra vart Hirschfeld utsett for regelrette hetskampanjar i den nazistiske pressa.

Etter kvart som Adolf Hitler og krinsen hans fekk ein stadig sterkare posisjon, vart det vanskeleg for Hirschfeld å halde fram med verksemda i Berlin. På seinhausten 1930 la han derfor ut på ein føredragsturné som starta i USA og tok han vidare rundt i Asia og Midtausten, før han kom att til Europa i 1932. Men Berlin og instituttet sitt skulle han aldri sjå meir. På den lange reisa hadde han fått oppdateringar om det politiske situasjonen i Tyskland, og det var klart at han ikkje kunne vende heim så lenge Hitler hadde medvind.

I mai 1933 plyndra ei gruppe unge nazistar instituttet og øydela mykje av materialet dei fann der. Delar av boksamlinga vart brend på Opernplatz, plassen som i dag heiter Bebelplatz og har eit

minnesmerke over nettopp desse bokbåla. Hirschfeld heldt seg på trygg avstand, først i Sveits og seinare i Frankrike, saman med dei to unge partnarane sine Karl Giese og Tao Li (eigentleg Li Shiu Tong). Sistnemnde var ein medisinstudent som han hadde møtt i Kina og invitert med på turneen. Giese hadde gjennom 15 år vore Hirschfelds nære ven og assistent, og han var tilsett ved instituttet så lenge det var i drift.

Hirschfeld var etter kvart mykje plaga av diabetes og etterverknader av malaria som han hadde fått på reisa, men han prøvde å halde skrivinga i gang. Han gav ut ei omfattande skildring frå reisa si, *Die Weltreise eines Sexualforschers* (1933), og han skreiv òg ein analyse av dei nasjonalsosialistiske rasedoktrinane, som kom ut i engelsk omsetjing, *Racism* (1938), etter at han sjølv var død. Magnus Hirschfeld døydde i Nice på den 67. bursdagen sin, 14. mai 1935.

Den første gongen vi kjenner til at namnet til Magnus Hirschfeld var på trykk i ei norsk avis, er i *Verdens Gang* (Oslo) den 25. mars 1903. Da rapporterer psykiateren Eivind Krogh frå ei reise han har gjort til Tyskland, der han mellom anna var til stades på eit føredrag Hirschfeld heldt om «det tredje kjønnet» og om arbeidet med å få oppheva § 175 i den tyske straffelova, lova som omhandla «utuktige handlingar», mellom anna seksuelt samkvem mellom to menn.

Tre år seinare er Hirschfeld nemnt i *Arbeidet* (Bergen) og *Valdres* (Fagernes) den 20. desember 1906. I to likelydande artiklar blir han omtalt som «den bekjendte psykiatriker», noko som antyd at han allereie da hadde eit visst ry her til lands, sjølv det er uvisst kva kanalar han skulle ha vorte så «bekjendt» gjennom.<sup>2</sup> Her kan det nok vera at gjetordet frå Tyskland berre har følgt med i omsetjinga. Hirschfeld blir sitert frå «et berlinerblad» som har bede han om ei ekspertutsegn om ein mannsperson som hadde utgjeve seg for å vera kvinne. Stykket, som fyller nær innpå to lange spalter, har overskrifta «Den mandlige brud» og fortel om «comtesse Dina Alma de Paradedda» som hadde forlova seg med ein lærar frå Breslau (Wrocław). «Frøken Dina» blir i saka omtalt som «yderst sindsyg» med «nervøse anfald», og det går fram at ho etter kvart vart mistenkt for å eigentleg vera mann. Politiet blir koplå inn, og når «comtessen» blir kalla inn til legeundersøking for å få avklara spørsmålet om kjønnet, tek ho gift på legekantoret: «Et øieblik efter var hun død.»

Soga om Dina fekk altså ein djupt tragisk utgang, men så held avisstykket fram med vurderingane frå Magnus Hirschfeld. Han opplyser at han kjenner til «frøken de Paradedda» frå Berlin, og han meiner at ho må ha høyrte til den største av to grupper menn som «tilbringer sit liv i kvindeclæder», nemleg menn «som i sit væsen, sin karakter og sine tilbøieligheder, specielt i sin smag for vakre klæder, er

---

<sup>2</sup> Hirschfeld er nemnd i nokre fagtidsskrift frå denne tida, t.d. *Tidsskrift for nordisk retsmedicin og psykiatri* (1905–06 og 1906) og *Norsk Magazin for Lægevidenskab* (4/1906), men det er vanskeleg å tru at så mange andre enn spesialistane las desse.

rent kvindelige og derfor ogsaa for det meste føler sig tiltrukne af mænd». Den andre gruppa består av menn «hvis forkjærlighed for kvindelig dragt har en mere fetischagtig character». Mot slutten av saka fortel læraren om da han møtte henne i Paris: «Hele hendes ydre apparitation, selv stemme, gebærder og skrift, havde et helt igjennem kvindeligt præg.» Han seier at korkje kelnarar, kammerpiker eller andre hotellgjester fekk mistanke om «den falske grevinde», og han vart også overtydd til å forlova seg med henne.

Saka finst i ein kortare versjon i fleire norske aviser omkring den same tida (*Gjengangeren* 11.12., *Valdres* 13.11., *Agderposten* 14.12. og *Svelviksposten* 22.12.), og anslaget «som et Kapitel af en Røverroman» antydar kvifor så mange redaktørar sette denne historia på trykk her i landet: Framstillingar av kjønnsoverskridande åtferd av denne typen vart nok oppfatta som både pikant og spennande, og når det attpå til involverte ei «Datter av en Greve og Konsul i Rio de Janeiro» som tok gift rett framfor doktoren, var det utan tvil verdt spalteplassen.

Magnus Hirschfeld skreiv om Dina i bøkene *Berlins Drittes Geschlecht* (1904) og *Die Transvestiten* (1910). Der kjem det fram at Dina Alma de Paradede var fødd i Brasil i 1871 og heitte Alfredo (eller Alfred) til å begynne med. Ho flytta etter kvart til Europa, og omkring 1900 var ho godt kjend i det skeive miljøet i Berlin. Den ulykkelege historia om forlovinga og sjølvdrapet vart spreidd til aviser i mange land, og kanskje kan vi kalle «den falske grevinde» den første transkjønna kjendisen.

I *Gudbrandsdølen* (Lillehammer) frå den 7. januar 1908 dukkar Hirschfeld opp att som ekspertkommentator. Denne gongen i den såkalla Harden-prosessene, også kjend som Harden–Eulenburg-affæren, ein innfløkt skandale på høgste politiske nivå i Tyskland, der anklagar om homoseksuelle forhold mellom mektige menn i keisarens næraste krins var kjernen. Vi har ikkje plass til å rekapitulere alle detaljane i den vidløftige intrigen med søksmål og motsøksmål i fleire rundar i 1907–1909, men vi kan slå fast at dette nok var det første store offentlege ordskiftet om homoseksuell praksis i Tyskland. Mest alle tyske aviser skreiv om saka, og også i Noreg kom det mange oppslag frå dei opprørande rettsprosessane i Berlin. For mange norske aviser var dette den første gongen dei hadde orda «homosexuell» og «homosexualitet» på trykk.

Oppslaget frå 1908 er frå andre runde av saka mellom journalisten Maximilian Harden og grev Kuno von Moltke, adjutanten til keisar Wilhelm II. Her var Magnus Hirschfeld mellom dei sakkunnige som skulle vurdere om det var hald i påstandane frå Harden om at Moltke var homoseksuell. Eit sentralt vitne i saka var ekskona til Moltke, Lily von Elbe, som tidlegare hadde lagt ut om korleis han ikkje hadde vist seksuell interesse i hennar retning da dei var gift. I den første rettsrunden i oktober 1907 støtta Hirschfeld Lily Elbes konklusjon om at Moltke var homoseksuell, men i desember hadde han endra meining: «Han slutted med, at han efter de foreliggende Oplysninger ikke kunde konstatere

Homosexualitet hos Grev Moltke.» Ei viktig årsak til at Hirschfeld ombestemte seg, var nok at den fritalande fru von Elbe var altfor sterk kost for mange. At ei kvinne kunne stå i ein rettssal og snakke om at kvinner hadde seksuelle behov, vart oppfatta som beint fram forkasteleg, og vitnemålet hennar vart avvist som vrøvl frå ein hysterisk nymfoman: «[Det] var utvilsomt at Fru Elbe var i høieste Grad hysterisk», som det står i referatet i *Gudbrandsdølen*. Dermed vart det vanskeleg for Hirschfeld å stø seg på forklaringane til ekskona. Det var dessutan eit problem at han hadde komme med vurderinga si utan å gjera handfaste undersøkingar av Moltke. Dette stridde imot dei vitenskaplege prinsippa han elles heldt så høgt, og den lettvinne ekspertfråsegna som måtte trekkjast tilbake, vart ei stygg ripe i lakken for Hirschfeld.

I 1912 finn vi Hirschfeld, denne gongen som «den bekjende læge», i ein kort artikkel i *Fjell-Ljom* (Røros) den 18. mai. Under overskrifta «Hun var en mand!» blir det fortalt om ei ung dame, «frk. K.», som i fleire år hadde vore tilsett i eit firma i Berlin. Nyleg hadde frk. K. oppdaga at ho kjente «stærk tilbøielighed for andre kvinder», og etter kvart kom ho til Hirschfeld, «som efter at ha undersøkt hende gav hende attest for at være av mandkjøn». Politiet gav frk. K. ordre om å kle seg i mannsklede, og så endar framstillinga med at «den nybakte unge mand» giftar seg med ei sjukesøster. Ein kan undrast på kva interesse denne historia hadde for lesarkrinsen til *Fjell-Ljom*, men overskrifta antydgar at det òg her var det sensasjonelle i saka som forsvarte spalteplassen. Nøyaktig det same stykket kom elles på trykk under overskrifta «En ung dame forvandlet til mand» i *Tromsø Stiftstidende* den 8. juni same året.

I eit stykke som stod i *Morgenavisen* (Bergen) for 4. september 1917 og *Indherred* (Steinkjer) 11. september 1917 blir det vist til «den bekjendte tyske Nervespecialist dr. Magnus Hirschfeld». Under overskrifta «Kjærligheden er en Sygdom» blir han trekt inn som ekspert på kjærleikslivet, men det er i hovudsak arbeidet til ein annan psykolog, Georg Lomer, som ligg til grunn for framstillinga.

I *Dagbladet* (Oslo) en 14. juni 1921 finn vi ein omtale av eit av åtaka på «den bekjente læge» Magnus Hirschfeld. Litt seinare, den 25. juni, omtaler *Morgenbladet* (Oslo) og *Bergens Tidende* det same åtaket, men da er Hirschfeld omtalt som «socialist», og det blir tydeleg at reporteren ser politiske meiningsforskjellar som hovudårsak for overfallet.

Hirschfelds politiske agenda blir derimot tona ned når *Arbeidet* (Bergen) 20. september 1922 omtaler ei liste over «fremragende jødiske personligheter, som skulde uskadeliggjøres». Lista kjem frå den sterkt antisemittiske foreininga *Deutschvölkischer Schutz- und Trutzbund*. Denne organisasjonen vart forboden i mange delar av Tyskland utover i 1922, og dei fleste medlemane slutta seg i staden til NSDAP. I avisartikkelen blir namnet til Hirschfeld etterfølgt av merknaden «forresten en fuldstændig upolitisk videnskapsmand», og dette viser at strategien hans om å halde

på eit nøytralt image så langt hadde lykkast. Også i *1ste Mai* (Stavanger) den 17. mars 1923 blir Hirschfeld, «den kjendte jødiske videnskapsmann», nemnt i ei oversikt over jødar som må leggje ned verksemda si i Tyskland.

I 1924 er Hirschfeld igjen omtalt i samband med ei rettssak. Det er *Norges Kommunistblad* (Oslo) som den 10. desember refererer frå den såkalla Haarmann-prosessen i Hannover. Friedrich (Fritz) Haarmann var skulda for å ha drepe 19-årige Adolf Hennies, og i rettssaka vedgjekk han etter kvart å ha mange fleire liv på samvitet, alle unge gutar og menn som han hadde lokka med seg og misbrukt seksuelt. Haarmann fekk tilnamn som «Slaktaren frå Hannover» og «Kannibalen» på grunn av dei groteske overgrepa som kom fram, og rettsaka enda med dødsdom. Haarmann vart avretta ved halshogging i 1925. I stykket i *Norges Kommunistblad* blir Haarmann omtalt som «menneskedyret», og mykje av referatet går med til å løfte fram mange av dei «gruoppvekkende» detaljane i saka. Det blir nemnt at Magnus Hirschfeld var til stades i rettssalen «som representant for instituttet for seksualvitenskap i Berlin», men det går ikkje klart fram kva han forklarte seg om. Eit sentralt poeng er aktors påstand om at Haarmann var «en kobler for homoseksuelle» og «hver aften samlet en 40–50 unge mellom sig», og lesaren vil mest truleg rekne seg fram til at det er Haarmanns seksualitet som motiverer bruken av Hirschfeld som sakkunnig. Frå andre kjelder veit vi at Hirschfeld vart kalla inn som ekspertvitne, og at denne innsatsen vart sær problematisk for både *WhK* og instituttet. Haarmann-prosessen var i det heile eit vesentleg tilbakeslag for kampen for homofile rettar i Tyskland. Den bestialske drapsmannen fekk brei omtale i pressa i månadsvis og gav vektig ammunisjon til dei som ville syne kor sjuke og groteske homoseksuelle var.

I *Arbeiderbladet* (Oslo) den 20. november 1926 er Hirschfeld med som ei hovudkjelde i eit stykke om sosialpolitiske reformer i Sovjet-Russland. «Den bekjente seksualforfatter og direktør for det tyske institutt for seksualvitenskap» har vore på studiereise der og seinare halde føredrag i Berlin om familiepolitikken som blir ført av kommunistregimet. Artikkelen fortel at Hirschfeld på slutten av føredraget kom inn på sitt eige spesialfelt, «homoseksualitet»: «Også den eksisterer i Russland som i alle land», blir det sagt, men det blir halde fram som eit særmerke ved Sovjet-Russland er at ein her ikkje blir straffa for slik praksis. Eit viktig poeng i føredraget til Hirschfeld er at avkriminaliseringa har ført til mindre utpressing av homoseksuelle i Sovjet, og dermed er denne minoriteten sikra betre kår, sjølv om homoseksualitet offisielt blir sett som «uproletarisk».

Mange av reformene som følgde med Oktoberrevolusjonen i 1917, og som mellom anna førte til at homoseksuell aktivitet ikkje lenger var lovstridig i Sovjet, løfta Hirschfeld fram som gode sosialpolitiske førebilde. Dette gjorde at det var lett for meiningsmotstandarane hans å kople han til kommunistisk, eller bolsjevikisk, tankegods generelt. Motstandarar av Sovjet vart dermed òg

motstandarar av Hirschfeld og hans aktivisme. Og særleg «homoseksuelt frislepp» vart av mange nytta som eit skrekkeeksempel på konsekvensane av bolsjevikisk ideologi. «Seksualbolsjevismen» vart ei tung symbolsak sjølv etter at Stalin i 1933 fullstendig reverserte avkriminaliseringa og vart samd med nazistane om at homoseksualitet var eit samfunnsproblem som kravde strenge tiltak. Etter dette vart homoseksualitet løfta fram som eit døme på «fascistisk perversitet» av den eine politiske leiren og som «bolsjevikisk umoral» av den andre.

*Arbeider-Avisen* (Trondheim) rapporterer den 5. juli 1928 frå den andre verdskongressen for seksualreform i København der Hirschfeld var hovudtalar. I innbydinga til kongressen var det utferda ei liste med ti punkt over kva som skulle vera dei viktigaste måla for Verdsligaen for seksualreform («Weltliga für Sexualreform») framover. Fleire av desse punkta må kunne seiast å vera kontroversielle for si tid, men særleg omstridde var nok desse to: «Rettferdig bedømmelse av de mennesker som ikke innretter sig efter ekteskapsinstitusjonen» og «Abnormitet på kjønnslivets område bør ikke lenger opfattes som en forbrytelse, last eller synd, men som mer eller mindre sykelige fenomener som krever behandling og forståelse og ikke straff». Magnus Hirschfeld stod saman med August (Auguste-Henri) Forel og Havelock Ellis om å formulere dei ti punkta som her vart referert på norsk for første gong. Frå talen til Hirschfeld refererer avisa: «Seksualiteteten hører til urdriftene, og vi har en ur-rett til kjærlighet.» Sluttordet hans var: «Det enkelte menneske må på sin egen måte og efter sin beste overbevisning leve sitt seksuelle liv.» Eit litt kortare referat frå kongressen vart trykt i *Arbeiderbladet* (Oslo) og *Hamar Arbeiderblad* same dagen, i *Arbeidet* (Bergen) den 7. juli og i *Telemark Arbeiderblad* den 9. juli.

Kongressen blir også omtalt i *Norges Kvinder* (Oslo) 6. juli 1928, og der blir Magnus Hirschfeld halden fram som «verdensberømt seksualforsker» saman med Forel og Ellis. *Vestfold Fremtid* (Sandefjord) rapporterer den 7. juli 1928 om korleis Hirschfeld på kongressen gjekk i rette med den rådande seksualmoralen. Denne artikkelen har òg med dei ti punkta, men her er ordlyden litt annleis. Det første av punkta som vart nemnt ovanfor, blir til dømes formulert slik: «En riktig bedømmelse av de mennesker, som ikke egner sig for ekteskap, spesielt overgangsformene mellem kjønnene.» Dette siste tillegget, som må seiast å vera ei hirschfeldsk hjartesak, kan ein sjå som vesentleg meir radikalt enn varianten i *Arbeider-Avisen* (sjå ovanfor). Eit tilnærma identisk referat som det *Vestfold Fremtid* kom med, vart trykt i *Nordlands Fremtid* (Bodø) den 11. juli, i *1ste Mai* (Stavanger) den 14. juli og i *Haugesunds Arbeiderblad* (Haugesund) den 17. juli. *Nordlands Fremtid* la til overskrifta «Et interessant foredrag av den tyske Dr. Magnus Hirschfeld» i sin versjon.

*Adresseavisen* (Trondheim) melde frå kongressen den 7. juli. Da var drøftinga av «forsterfordrivelse» hovudfokuset, men mot slutten av stykket vart det referert frå talen til konferansens ærespresident

Magnus Hirschfeld, der han gjekk inn på «en undertrykt avart av menneskeheten», med andre ord dei homoseksuelle. Han framførte ei helsing frå Kurt Hiller, leiaren av *Wissenschaftlich-humanitäre Komitee* etter Hirschfeld, som oppmoda kongressen til å gjera ein innsats «til vern for denne undertrykte menneskelige varietet som ennu i vår civiliserte tid forfølges så meningsløst og grusomt». *Arbeiderbladet* (Oslo) kom med eit liknande referat same dagen, og budskapet Hirschfeld overleverte på vegner av Hiller, var eit viktig punkt der òg, under mellomtittelen «Et varmt forsvar for homoseksualistene».

*Haugesunds Avis* hadde ein omtale den 12. juli med mange av dei same momenta som i framstillingane nemnt ovanfor, men med ei ekstra vektlegging av ein «skandale» på slutten av arrangementet. Kommunistiske delegatar til stades «benyttet anledningen til en voldsom agitasjon for sine ideer», og da desse var i fleirtal, vart ei tilråding om at ein skulle følgje Sovjet-Russlands eksempel i seksuallovgevinga, vedteken som kongressens standpunkt. Det blir elles referert frå talen til Hirschfeld, og poengteringa av at «det seksuelle problem var uløselig forbundet med klassekampen», blir løfta fram frå diskusjonen etterpå.

I 1929 vart verdskongressen halden i London, og derfrå rapporterte *1ste Mai* (Stavanger) den 20. september. Her var òg Magnus Hirschfeld ein hovudfigur. Noreg var ikkje representert, men norskfødde Elise Ottesen-Jensen var delegat frå Sverige, og ho skreiv eit meir utførleg referat frå kongressen i same avis den 9. oktober. Ho nemner òg Hirschfeld mellom dei mest framståande forskarane i dette selskapet, men elles legg ho mest vekt på foreldreskap og fødselskontroll i innlegget sitt. *Dagbladet* har eit bilde frå kongressen den 13. september, eit av få fotografi av Hirschfeld i norske aviser mens hans levde.

Det er også fødselskontroll som er temaet når Hirschfeld blir nemnt i eit stykke i *1ste Mai* (Stavanger) frå 29. mars 1930. Der skriv medisinstudent Nic Hoel om korleis Hirschfeld har vore ein av dei førande når det gjeld utvikling av og opplysning omkring prevensjon, her kalla «antikonsepsjonsmidler». Hoel skriv vidare om seksualforskinga til Hirschfeld og om instituttet han oppretta i 1919, men skeive tema er ikkje med. Denne medisinstudenten skulle seinare bli betre kjent under namnet Nic Waal (fødd Caroline Schweigaard Nicolaysen i 1905), ei føregangskvinne innan norsk barnepsykologi, familieplanlegging og seksuell frigjering. Ho hadde mykje kontakt med psykoanalytiske miljø på kontinentet og skulle seinare ha eit lengre studieopphald i Berlin.

I *Dagbladet* 7. juni 1932 blir Hirschfeld omtalt i eit stykke med overskrifta «Hvor menn blir til kvinner». Han er rett nok berre ein biperson i historia, for det er den danske omsetjaren Inga Junghanns (1886–1962), som blir intervjuet. Ho hadde vore dansk utsending til verdskongressen for seksualreform i Brünn (dagens Brno i Tsjekia), og i artikkelen fortel ho om eit besøk på Hirschfelds



institutt i Berlin som ho gjorde på same reisa. Instituttleiaren sjølv møtte ho ikkje, for han var på reise «over hele verden». (Som vi var inne på i innleiinga, kom han aldri att til Berlin etter denne reisa.) Junghanns får spørsmål om Hirschfeld verkeleg forvandlar menn til kvinner, og det kan ho stadfeste: «Ja, det gjør han og den prosess er ikke så sjelden som man tror. Det er en stor lykke for disse stakkels mennesker, at de nu kan hjelpes.» Så fortel ho om møtet med Lola Montez som levde som mann fram til nyleg, men som etter ein operasjon på instituttet har «et forbausende kvinnelig preg»: «Endelig var hun også i det ytre blitt hvad hun alle dager hadde strebet efter å være: Kvinne!» Sjølv om Hirschfelds verksemd blir ramma inn som noko temmeleg aparte i dette stykket, får lesaren òg eit klart inntrykk av at Junghanns har hjarteleg medkjensle med pasientane hans. (Den same teksten var på trykk i *Nidaros* (Trondheim) den 9. juni, i *Porsgrunns Dagblad* og *Agderposten* (Arendal) den 13. juni, i *1ste Mai* den 15. juni og i *Nordlandsposten* (Bodø) den 24. juni.)

Den 20. oktober 1932 rapporterer *Arbeiderbladet* (Oslo) frå verdskongressen for seksualreform i Brünn, og der var «den verdenskjente seksualforsker» Hirschfeld med – nyleg heimkomen frå ei reise rundt jorda, som det står i artikkelen. Hirschfeld heldt, som president for verdsligaen, ein helsingstale til kongressen, og i denne poengterer han kor vanskeleg reformarbeidet har vorte «under den reaksjonære bølge som har slått inn over store deler av verden». Avslutningsvis fører Hirschfeld fram det som har vore grunntanken i heile verksemda hans: Ligaen skal arbeide for at «seksualvidenskapens biologiske, psykologiske og sosiologiske forskning» blir lagt til grunn for «bedømmelsen og reguleringen av menneskenes kjærlighets- og kjønnsliv». *Per scientiam ad justitiam* gjeld altså framleis for Hirschfeld på dette tidspunktet. Artikkelen listar òg opp dei ti punkta i programmet til ligaen, og her er det særleg interessant at «riktig bedømmelse av overgan[gs]formene mellem de to kjønn» har vorte utskilt som eige punkt. Toleranse for «abnorme former for kjønnsdrift» er framleis eit hovudpunkt, og truleg er dette første gong samansetninga *interseksualitetsforskning* er på trykk i ei norsk avis. Framstillinga er gjennomgåande særst positiv til budskapet frå kongressen, og forhandlingane blir omtalt som viktige. At artikkelen så tydeleg tek parti med føredragshaldarane som «stod op og fastslo kirkens store skyld i det seksuale mørke», er ikkje så overraskande når ein ser kven som har signert artikkelen. Forfattaren er nemleg Elise Ottesen-Jensen, den norskfødde feministen og seksualopplysaren som var svensk delegat på kongressen. Same teksten stod òg på trykk i *Bergens Arbeiderblad* den 26. oktober.

Den 28. april 1933 skriv *Dagbladet* om korleis nazistane si utrydding av «moralsk nedbrytende og religionsfiendtlig litteratur» har gått særleg hardt utover «den seksuelt oplysende litteratur» frå Hirschfelds miljø. Ein liknande notis står i *Arbeidet* (Bergen) den 2. mai. Som vi var inne på i innleiinga, vart instituttbiblioteket plyndra og brent berre få dagar etter dette, og bokbålet på Opernplatz kjem på framsida av både *Dagbladet* og *Bergens Arbeiderblad* den 8. mai. I dei to

bortimot likelydande artiklane blir åtaket på instituttet til Magnus Hirschfeld omtalt i eit eige avsnitt: «En mengde bøker, brosjyrer og bilder blev beslaglagt og kastet ned i lastebilen.» *Bergen Arbeiderblad* har jamvel med eit fotografi -av Hirschfeld. Det same stykket stod i *Breviksposten* og *Porsgrunns Dagblad* neste dag og i *Arbeider-Avisa* (Trondheim) den 10. mai. *Arbeiderbladet* (Oslo), *Adresseavisen* (Trondheim) og *Fosens Blad* (Trondheim) er noko meir kortfatta i sin rapport frå Berlin: «Det institutt for seksualvidenskap som den kjente læge Magnus Hirschfeld hadde opprettet, er stengt.»

*Vestlandske Tidende* (Arendal) skriv den 9. mai om bokaksjonen i Berlin og kan melde at Hirschfelds seksualinstitutt er stengt av «kampkomiteen mot den utyske ånd». *Bergens Tidende* melder den 10. mai om eit «autodafé» (dvs. oppbrenning i inkvisisjonens tradisjon) i Berlin, og dei går òg inn på aksjonen mot Hirschfelds institutt: «Studentene [som gikk til angrep] tok siden opstilling utenfor instituttet og man protesterte i megafoner mot den utyske ånd som særlig hadde funnet sted i Hirschfelds institutt.»

Den 13. mai kjem det fleire detaljar frå aksjonane i Berlin i *Bergens Arbeiderblad*. Under overskrifta «Kjetterbålet i Berlin» blir dei uverkelege opptøyane skildra, og som del av prosesjonen fram mot «bålofferet» er ei gruppe «som i spissen bærer et lerhode av Magnus Hirschfeld på en stake». Dette var ein byste som vart stolen frå instituttbiblioteket, og som enda på bålet på Opernplatz mens tilskodarane klappa og lo: «[D]et er faktisk også noget hekseaktig over deres ubeherskede fryd ved å se all denne ugudelighet gå op i luer», skriv den namnlause korrespondenten, som avslutningsvis fordømmer dette som «en skjendsel for folk og riket». (Det same stykket stod i *1ste Mai* den 16. mai og i *Haugesunds Avis* den 18. mai.)

Den 13. mai rapporterer også *Agder Tidend* (Kristiansand) frå hendingane i Berlin. Her blir razziaen mot «Instituttet for Seksualgransking» omtalt, og leiaren for aksjonen, dr. Gehlhaar, blir intervjuet. Han fortel om «kjettarbaalet» som skal tennast ved Unter den Linden (der Opernplatz ligg), og så viser han korrespondenten det materialet som vart teke frå instituttet til Hirschfeld. «Det var eit fælt grisehus», skal Gehlhaar ha sagt før han greier ut om «fotografiske plator over dei verste perversitetar»: «Det ser helst ut til at dr. Hirschfeld hev drive ei pornografisk forretning.»

*Bergens Arbeiderblad* kjem med ein eigen artikkel om åtaka på Hirschfeld den 20. mai 1933 under overskrifta «Nazistenes ophevelse av Hirschfelds institutt». Det blir opplyst at forfattaren er ein tidlegare lærar ved instituttet, men det står ikkje noko namn. Kanskje var det Max Hodann (sjå nedanfor) som førte det i pennen, men kor som er, går skrivaren iallfall langt i å lovprise innsatsen til Hirschfeld: «En fremragende lærer og menneskevenn forjages fra sin virksomhet.» Lesaren får detaljar frå historia til instituttet og frå verksemda der, og så går skrivaren over til å løfte fram kor

viktig arbeidet der har vore «for oss socialister». Dette har vore eit eksempel på korleis vitskapen har verka i «den praktiske menneskekjærlighets, hjelpsomhets og aktive socialismes tjeneste», og det blir vist til Hirschfelds motto om at vitskap er til for menneska. Stykket fortel vidare om dei mange som kom til instituttet «av utilfredshet med sin seksuelle skjebne» og fekk hjelp og rettleiing der. Så kjem sluttpoenget om at dette «enestående hjemsted for forskning og social hjelp» no er gjort til inkjes av nazistane. Men skribenten håpar arbeidet vil halde fram: «Om centralen i Tyskland er blitt lukket, og våbnene røvet fra dette arsenal: selve tanken, å hjelpe for å lindre den sociale nød også i dens seksuelle ytringer, vil leve videre.» Artikkelen blir avslutta med eit sitat frå Hirschfeld sjølv: «Lære sannhet, lindre lidelser, øke lykken, hindre urett.»

Det er ein heilt annan tone i omtalen av Hirschfeld når signaturen S.A. skriv om «Bok-opbrenningen i Berlin» i *Buskerud Blad* (Drammen) den 22. mai 1933: «Dr. Magnus Hirschfelds mugne 'seksualoplysning' og annet ugress er nu rykket ut» er anslaget. Den nazistiske aksjonen blir omtalt som «både god og riktig» og beint fram naudsynt for å rydde opp i det «svineri» som har vakse fram gjennom 14 år med trykkefridom etter at keisartida var over. Korrespondenten i Berlin kallar bokbålet «en tributt til den virkelige åndsfrihet» og går hardt ut mot ulike «ugressplanter» som har fått sleppe til. Magnus Hirschfeld er mellom dei som får gjennomgå: «Den jødiske og socialistiske og som tredje skavank dertil homoseksuelle [sic] læge Magnus Hirschfeld gjorde sin egen abnormitet til gjenstand for 'videnskapelig' undersøkelse.» Instituttet blir omtalt som «hans bedrøvelige erotiske butikk», og innsatsen til Hirschfeld får elles inga akting. Han blir eintydig rekna som del av det ugraset som no rettmessig blir reinska ut: «Ånei, åndsfriheten har nok intet lidt ved opbrenningen av de 22 lastebilladninger med dårlig litteratur på Operaplassen natt til tirsdag. Det er bare kommet nye gartnere i den tyske have, og i den vårtid som nu velter inn over det tyske land, ofrer man ugresset til fordel for vekster man har bruk for og av hvis trivsel meget står på spill.»

Bak signaturen S.A. stod Sigvard Abrahamsen som allereie hadde vore ute i hardt vêr på grunn av støtte til nasjonalsocialistane våren 1933. Han kom på trykk i både *Morgenbladet*, *Tønsberg Blad*, *Drammens Tidende* og *Buskerud Blad* og var einssidig positiv til det nazistane gjorde i Tyskland (sjå t.d. Nilsen 2010, 50f.). Dette vekte reaksjonar i mange aviser, og i *Dagbladet* den 24. mai finn vi kritikk av måten Abrahamsen omtaler Magnus Hirschfeld på. Tidlegare i månaden (11. mai) var ein enda skarpere kritikk av «sannhetsvidnet Abrahamsen» på trykk i *Fremtiden* (Drammen). Der skriv forfattaren Emil Boyson om «den fascistpropaganda høirepressens korrespondent» leverer.

14. mars 1934 blir Magnus Hirschfeld nemnd i ein artikkel i *Haugesunds Avis* av Margarete Gerhard, kona til den tyske konsulen i Haugesund, Sigve Gerhard. Margarete Gerhard var i eit ordskifte med Moritz Rabinowitz, ein forretningsmann av jødisk familie som budde i Haugesund, om kva

konsekvensar den nasjonalsosialistiske maktovertakinga ville få for tyske jødar. Kort sagt meiner Gerhard at Rabinowitz i sine tidlegare innlegg smør altfor tjukt på når han hevdar at den nye regjeringa til Hitler vil utrydde jødane i landet. Med tydelege antisemittiske undertonar skriv ho at det nye styret «kun vil rense [det tyske jødedømmet] for dets uvekster», og til den utreinskinga som ho ønskjer velkommen, høyrer stenginga av «den for moral og sjel ødeleggende skole for seksualvidenskap av professor Magnus Hirschfeld». Ei slik opprydding vil vera av det gode, avsluttar ho: «[H]eldigvis blir den tyske ungdom nu igjen opplært til orden, disiplin, fedrelandskjærlighet og alt som er godt og skjønt i livet». Rabinowitz lét seg ikkje stogge i første omgang: Han skreiv til saman om lag hundre avisinnlegg med ein tydeleg anti-nazistisk budskap, og Ragnar Ulstein (1995, 38f) meiner at ingen i Noreg åtvara meir intenst mot Hitlers planar både for jødane og for Europa. I slutten av 1940 vart han arrestert og seinare sendt til ein konsentrasjonsleir i Tyskland. Han omkom i fangenskap i 1942.

Legen Max Hodann (<https://skeivtarkiv.no/skeivopedia/max-hodann>) var mellom medarbeidarane på Hirschfelds institutt på slutten av 1920-talet, og også etter at han slutta der, var seksualopplysning og seksualpedagogikk levevegen hans. Han heldt føredrag i fleire land, mellom anna i Oslo i 1931. Også her i landet var han eit kjent namn i mange kretsar etter at han hadde gitt ut *Hvor småbarn kommer fra*, eit seksualopplysningshefte for barn, i 1930. Etter at nazistane kom til makta i 1933, vart Hodann gripen og halden i arrest av Gestapo i fleire månader. Han vart til slutt slept fri, men fråteken stillinga si som lege, og han flytta snart til Sveits. Han mista den tyske statsborgarskapen i 1935, og i 1937 flytta han til Noreg og budde her til okkupasjonen i 1940. Etter det budde han i Sverige, der han døydde i 1946.

Sommaren 1934 kom Hodanns bok *Kvinne og mann. Veiledning i seksuelle spørsmål* i norsk omsetjing, og ho vart omtalt i aviser over heile landet utover hausten. I midten av november 1934 heldt Hodann fleire føredrag i Oslo. I samband med dette hadde han også eit innlegg i *Arbeiderbladet* (15. november) der han under overskrifta «Seksualopplysningen og fascisme» tek opp klasseperspektivet i seksualpolitikken og påpeikar at proletariatet har stor interesse av sakkunnig seksualopplysning. Han skisserer kort utviklinga innanfor dette feltet, og han sett skipinga av instituttet til «den kjente seksualpolitiker» Hirschfeld som startpunktet. Han kjem så til at den nazistiske maktovertakinga i januar 1933 har forandra mykje av det sosialpolitiske arbeidet. Ikkje berre vart instituttet og arbeidet til Hirschfeld lagt ned, men òg alt anna seksualopplysningsarbeid har vorte umogleg å gjennomføre, fortel Hodann. (Den same teksten vart trykt i *Sørlandet* (Kristiansand) den 19. november og i *1ste Mai* den 23. november.)

Hodann fekk kritikk frå fleire hald, men særleg interessant er eit refsande innlegg i *Haugesund Avis* den 4. desember. Kritikaren er Arne Gram, og han meiner Hodanns seksualopplysning er rein «kommunistisk agitasjon». Det å gå til åtak på kyrkja og omtale «andre borgerlige faktorer» som skadelege tykkjer kritikaren lite om, og han tykkjer at Hodanns illverk berre blir overgått av dr. Magnus Hirschfeld og dr. Erich Wulf[f]en. (Wulfen var ein tysk kriminolog og jurist som særleg arbeidde med seksuelt relaterte brotsverk.) Sluttappellen er ei tydeleg oppmoding: «Vi nordmenn må ikke la oss bløffe av den behendighet som disse folk optrer med, og frekk reklame. Vi må se på disse folk som de virkelig er.» Skribenten får meir spalteplass allereie den 10. desember. Da utbroderer han åtaket sitt på Hodanns agitasjon og viser atter til dr. Hirschfeld som «fornedret seksualvidenskapen til en forretning, og en rekke andre jøder med ham». Desse «kommunistjøder» har vore ei ulykke for både for «anstendige jøder» og andre, og dei har gjort Tyskland til ein «Pornografi-central», meiner Gram. Gram omtaler seg sjølv som «N.S. mann» i stykket, og han skulle seinare bli både Nasjonal Samlings kretsfører i Haugesund og redaktør for N.S.-avisa *Framsyn*. I november 1946 vart Arne Gram dømt til sju års tvangsarbeid for handlingane sine under krigen.

Den 16. mai 1935 kom følgjande telegram på trykk i *Dagbladet*, *Telemark Arbeiderblad* (Notodden), *Sørlandet* (Kristiansand) og *Tiden* (Arendal): «Nizza i dag. Den kjente tyske seksualforsker dr. Magnus Hirschfeld er avgått ved døden her, 67 år gammel.» Dødsmeldinga vart utvida litt i *Arbeiderbladet* fem dagar seinare: Under eit fotografi av Hirschfeld vart det kunngjort at føregangsmannen dr. Hirschfeld, som hadde utført «et meget betydelig arbeid i den seksuelle opplysnings tjeneste», var død. Det blir elles nemnt at instituttet hans i Berlin var noko av det første nazistane øydela da dei fekk makta. *Arbeidet* (Bergen) melder om dødsfallet same dagen og omtaler Hirschfeld som «en fremragende videnskapsmann og arbeiderklassens venn». Her blir skipinga av verdsligaen for seksualreform nemnd, og det blir framheva at Hirschfeld alltid «stod på arbeiderklassens side». «Hirschfeld var en av de lærde som naziene hatet mest. Straks Hitler-bandittene kom til makten stormet de hans institut og ødela verdifulle samlinger og verker.»

Den 24. juni trykte *Bergens Tidende* ein meir omfattande nekrolog over Hirschfeld. Han blir omtalt som føregangsmann «i arbeidet for å utforske det menneskelige seksualliv»: «Hans gjerning som læge har vært av den aller største betydning.» Det blir vidare sagt at han har publisert «tallrike arbeider om homoseksualitet og biseksualitet»: «Det er Magnus Hirschfeld som om de homoseksuelle har brukt uttrykket 'det tredje kjønn'.»

Hirschfelds nylege bortgang er også inngangen til ein lang tekst i *Østlands-Posten* (Larvik) den 27. juni 1935. Hovudsaka er den store dreinga i familiepolitikken i Tyskland etter at nazistane kom til makta. Hirschfeld og instituttet hans blir omtalt som representantar for eit seksualpolitisk syn som

no har måtta vike. Resten av artikkelen er basert på eit intervju med dr. Hilsinger, «stadslæge» i Berlin, som legg ut om landets nye befolkningspolitikk: «Jo flere mennesker det er, desto bedre blir det for alle», er budskapet hans, som sjølv sagt står i sterk kontrast til Hirschfelds (og Hodanns) arbeid for familieplanlegging gjennom bruk av prevensjon og abort.

Den 2. oktober 1935 formidlar *Fremtiden* (Drammen) eit utsnitt av korleis Hirschfelds dødsfall har vorte omtalt i *Fronten*, ei av dei mest tydeleg nazistvenlege avisene i Noreg på 1930-talet. Følgjande stykke blir gjengitt frå *Fronten*: «Med den største tilfredshet har vi germanere sett at det jødiske svin Magnus Hirschfeld er legemlig død. Da nasjonalsocialistene kom til makten i Tyskland var det en av deres første utmerkede gjerninger dette å brenne op alt som Hirschfeld hadde efterlatt sig. Han og hans medarbeider jødesvinet Felix Abraham hadde, som bekjent, laget et institutt i Berlin for usedelighet. Ved dette institutt blev all slags pervers usedelighet studert, og de bøker som disse jødesvin har utgitt tåler ingen sammenligning. Jøden Magnus Hirschfeld rømte i siste øieblikk til Paris, så snart han fikk teften av at den nordiske mann fikk overtaket i Tyskland. Det var virkelig synd at ikke denne banditt blev anholdt. Han hadde kun fått en kule i planeten, men det var for intet å regne mot all den ulykke dette jødesvin hadde laget.» *Fremtiden* kommenterer under avsnittet: «Riktignok er det så at vi har trykkefrihet her i landet, men det bør være en grense for hvad som tillates».

Den 12. mai 1936 trykte *Arbeiderbladet* (Oslo) stykket «Forkjempere innen seksualvidenskapen» i høve eittårsdagen for Hirschfelds bortgang. Det er skrivi av Max Hodann og halde i ein sær rosande tone: «Hirschfeld rensket grunnen og la hjørnesteinen til et verk som for størsteparten ennu forestår oss.» Dei nazistiske åtaka på Hirschfeld og det han stod for, får elles mykje omtale: «Det var ikke mange tyske borgere som blev mer forhatt av nazismens representanter enn denne mann, som Hitlers følgesvenner yndet å kalle 'moralens forderver'. [...] Det ligger en viss skjebnens ironi i det faktum at nettop nazistene skulde behandle ham som en erkefiende; for det er ikke ukjent at nazistenes rekke er gjennomsyret av med alle former og grader av homoseksualitet, og Hirschfeld er utvilsomt *den* mann som det fremfor noen skyldes at man har tatt op til diskusjon og har agitert for de menneskelige rettigheter hos disse ca. 20 pct. av den européiske befolkning, så de i stedet for å betraktes som forbrytere tilståes retten til å leve efter sine egne linjer.» Vidare er Hodann nøye med å understreke at «beskyttelsen av seksuelt inverterte mennesker» ikkje var alt Hirschfeld dreiv med: «Hele den sfære som har med menneskets kjærlighetsliv å gjøre, så vel i dets biologiske som i dets kulturelle aspekter, blev hans arbeidsfelt.» Han fortel så om den første gongen han møtte Hirschfeld, i 1915, da Hodann var militærlege i ein by utanfor Berlin. Hirschfeld vart kalla inn som ekspert da det vart rulla opp ein skandale i leiren: «2 menn av mitt kompani blev overrasket forklædd som kvinner og øieblikkelig satt fast under mistanke for spionasje.» Hirschfeld kunne slå fast at dei to var

transvestittar, «av den spesielle anormale type som bare kan føle sig tilfreds ved å bære klædedrakt tilhørende det motsatte kjønn», og han overtydde offiserane om at det ikkje var snakk om spionforsøk. Dei to vart sett på frifot, og Hodann fortel at den eine seinare vart «en kjent dame-imitator på en Berliner revy-scene». Artikkelen går vidare inn på hovuddrag i den vitskaplege karrieren til Hirschfeld, og det blir poengtert at han var «overbevist sosialist» og nært knytt til det sosialdemokratiske partiet sjølv om han ikkje var aktiv partipolitkar. Hodann fortel om siste gong han møtte Hirschfeld, i Sveits i 1932, og etter eit dystert blick på det som skjer i Tyskland i samtida, sluttar han med eit sitat frå Hirschfelds *Geschlechtskunde* (fem band 1926–30): «I årtusener har menneskelig sneversyn og galskap dynget smuss over kjærligheten. Å befri kjærligheten fra dette smuss er å gjenoprette *den* menneskelige verdi som rager høyst av alle.»

Hirschfeld dukkar opp att i *Bergens Aftenblad* den 20. desember 1937. Denne gongen blir det vist til ein publikasjon av «Berlinerpsykologen», der Hirschfeld har omtalt Bergen «som den mest homoseksuelle by i verden».<sup>3</sup> Denne «merkelige anførsel» meiner skribenten ligg til grunn for at tyske aviser nyleg har laga store oppslag om «en ualmindelig sedelighetsskandale» frå Bergen. 200 gutar i alderen 14–16 år skal ha vorte misbrukte, og 13 personar – «blant dem ansatte byens borgere» – er arresterte: «En av dem som senest er arrestert er en danselærer fra Stavanger. Også et selvmord i den siste tid blir satt i forbindelse med skandalen.» Den namnlause skrivaren tykkjer at det er «urimelig» at pressa skal laga ein verdssensasjon av denne tragiske affæren når det «høist sannsynlig finnes like meget – offisielt riktig nok 'uopdaget' – perversitet overalt i den civiliserte verden». Denne saka vart elles rulla opp i 1938 og førte til at til saman 34 menn vart dømde. (<https://skeivtarkiv.no/skeivopedia/den-store-sedelighetsak-i-bergen-1938>).

I Nasjonal Samlings hovudorgan *Fritt Folk* (Oslo) skriv Øyvør Hansson, leiar i Nasjonal Samlings Kvinneorganisasjon, om Hirschfeld i ein artikkel den 31. juli 1940. Temaet er kvinnesak i Tyskland, og Hansson vil vise at den likestillingskampen som vart kjempa etter den første verdskrigen, vart «en uhyrlig farlig faktor i samfundsopløsnings tjeneeste». Grunnen til dette er ifølgje skribenten at denne likestillinga var bygd på «kommunisme og dertil hørende jødisk perversitet, ikke på kristendom og moral». Hansson peiker på Magnus Hirschfeld og Max Hodann og deira «seksualvidenskapelige» – i hermeteikn i originalen – verksemd som hovudskuldige i utviklinga der kvinner fekk «frihet uten ansvar»: «Jeg har hørt folk som bodde i Berlin i de årene si, at livet i hovedstaden hadde antatt så uhørte former for råttenskap og perversitet, at hadde det skullet fortsette slik, så vilde det været bedre om hele Berlin hadde været brent av og slettet fra jordens overflate!»

---

<sup>3</sup> Her må det vera snakk om boka *Die Homosexualität des Mannes und Weibes* frå 1914, der Hirschfeld kjem med denne omtalen av Bergen. Som Raimund Wolfert har vore inne på, kan denne kjelda ha vore Justus Lockwood (<https://skeivtarkiv.no/skeivopedia/justus-lockwood>).

Redningsmannen er Adolf Hitler, meiner Hansson, for innanfor hans regime har kvinnesaka fått gode rammer.

På baksida av *Hamar Arbeiderblad* 21. august 1941 blir Hirschfeld namngjeven som opphavsmannen til omgrepet *transvestit* i eit stykke med overskrifta «Mannfolk i kvinneklær – og andre ‘transvestiter’». Sjølv om denne åtferda blir omtalt som «sykelig tilbøyelighet», er stykket overraskande edrueleg i framstillingsforma: «transvestitene er ellers helt normale. [...] Syke kan man heller ikke kalle dem, for unntatt denne egenheten så oppfører de seg helt normalt og ofte viser de stor intelligens». Så går artikkelen vidare med å fortelje om ein del døme på transvestittar (i svært vid tyding) gjennom historia. Nokre av desse individa ville vi nok i dag kalla transpersonar, mens andre må reknast i kategorien «maskerte bedragarar».

I *Bergens Tidende* den 15. mars 1944 kjem det sterke nazistiske hatet mot Hirschfeld fram i klartekst i eit referat frå talen som fylkesfører Christian Astrup hadde halde under eit N.S.-arrangement i Bergen. I eit kraftig oppgjør med bolsjevismen utpeiker Astrup Magnus Hirschfeld til «den teoretiske utformer av den bolsjevikiske erotikk». Astrup held fram: «Hans bøker representerer høydepunktet av griseri i verdenslitteraturen, og våre heimlige apostler fulgte hakk i hæl.» Av desse «heimlige apostler», som vil «frigjøre seksuallivet i Norge» og arbeider for «oppløsning av ekteskapet og familielivet», nemner han Arnulf Øverland og Karl Evang. (Det same referatet stod i *Firda* den 22. mars.)

Enda krassare er Haldis Neegaard Østbye i ein artikkel i *Aftenposten* 8. august 1944. Ho utpeikar også Hirschfeld som ein av hovudmennene bak den «seksualrevolusjon» som «den kulturbolsjevikiske offensiv» vil innebera. Østbye omtaler korleis «den tyske jøde» Hirschfeld, som «arbeidet for sine pornografiske ideer under *vitenskapens* maske», har utforma eit program for «seksualrevolusjonen», og ho gjengir hovudmomenta i «det Hirschfeldske program» slik:

1. Gratis svangerskapsavbrytelse i statens klinikker.
2. Ingen bekjempelse av prostitusjon.
3. Hygienisk seksualliv i dertil innrettede hus.
4. Avskaffelse av ekteskapet.
5. Kollektiv oppdragelse av barn i statens anstalter.
6. Avskaffelse av straff for alle perverse handlinger.
7. Benådning av alle sedelighetsforbrytelser.

Ein må kunne seie at Østbye har gjort ei svært vrangvillig lesing av programmet til verdsligaen for seksualreform, men dét skuldast sjølv sagt dei nazistiske brillene hennar. Ho var medlem av Nasjonal Samling frå 1933 og vart nokså raskt del av den indre partikrinsen. Ho var propagandaleiar i NS sin



kvinneorganisasjon, og frå 1935 leia ho propagandakontoret til NS i Oslo. Etter okkupasjonen mista ho mykje av posisjonen sin, men mot slutten av krigen vart ho leiar av Antikommunistisk institutt, og dette avisinnlegget må ein sjå i samanheng med propagandaarbeidet hennar i den rolla. I artikkelen blir også Max Hodann, «Hirschfelds førsteassistent og disippel», løfta fram som ein hovudskuldig i «stormløpet på det tyske folks livsnerver», og det blir lagt stor vekt på at han var både jøde (noko han ikkje var) og kommunist – «foruten å være en beryktet pornograf [sic]». Hirschfelds deltaking i «den jødiske seksualrevolusjon» var også drøfta i boka *Jødernes krig* som Østbye gav ut i 1941. Full av forakt fortel ho der om «de Hirschfeldske massasje-institutter hvor hans kunder av alle tre kjønn ble behandlet».

«Det Hirschfeldske seksualprogram» er omtalt i avisene fleire gonger før i krigen, men utan at personen bak blir nemnt. I *Akershus Amtstidende* (Drøbak) og *Østlandets Blad* (Ski) den 4. desember 1940 legg Rudolf Mørch, presseleiar i Follo krets av Nasjonal Samling, fram nokre av punkta i omtrent same ordlyd som det vi finn hjå Østbye fire år seinare. Han viser til at dette programmet inneber «moralsk forfall» som berre Nasjonal Samling kan demme opp for, «fordi N.S. representerer *livslinjen og livsviljen*»: «Hirschfelds og Karl Evangs ånd – forfallets ånd!» På liknande måte blir «de Hirschfeldske ideer» presentert av pastor Andreas Gjerdi i *Stavanger Aftenblad* den 12. februar 1942. «Dette [er] ideer som ville betydd hjemmenes fullstendige ruin og vårt folks undergang», påpeiker Gjerdi. Han knyter ikkje dette til ei partipolitisk linje, men til kristeleg-moralske grunnprinsipp.

I *Nationen* den 9. august 1944 figurerer Hirschfeld atter som hovudfiende i ein tekst av ein ikkje namngjeven svenske. Det er Max Hodann, som på dette tidspunktet budde og verka i Sverige, som får gjennomgå mest, men han blir i innleiinga knytt til «den bekante seksualjuden Magnus Hirschfeld» og hans «vældige bordellrörelse i det centrala Berlin». Punkta frå Østbyes artikkel blir lista opp i omtrent same ordlyd her for å vise kva for «fullständig sexuell anarki» Max Hodann arbeider for. Vidare blir Martin Tranmæl, redaktøren i *Arbeiderbladet*, og Karl Evang, utpeika som sentrale klakørar for «detta judiska program»: «Hodann och hans stallbröder ära rena *pornografer*, som, uppenbarligen drivna av sjukligt hat mot 'gojim', göra allt för att demoralisera och andligen nedsnuska de icke-judiska folken.»

Hovudintrykket ein sit att med etter å ha gjort eit slikt sveip over fire–fem tiår med norske aviser, er at Magnus Hirschfeld med tida vart eit namn ein god del nordmenn kjende til. På grunn av den sterke politiseringa av verksemda hans var det nok likevel slik at ein fann dei mest Hirschfeld-oppdaterter i ulike politiske aktivistgrupper. Og som vi har sett, viser særleg tekstane frå tida etter Hirschfelds død at norske skribentar i stor grad imiterte den polariserte framstillinga frå den tyske

konteksten. For miljøa på sosialistisk eller kommunistisk side var han bortimot ein frelsarfigur som med sine seksualreformer kjempa ein tapper klassekamp. For nazistiske eller på andre vis antikommunistiske målmenn var han sjølv ikjøtinga av dei destruktive samfunnskraftene; jødisk, bolsjevikisk og homoseksuell på same tid. Og sjølv om Hirschfeld utan tvil hadde ein politisk agenda for mykje av verksemda si, kan det vera rett å seie at han på baa frontar vart tilskrive uforholdsmessig stor tyngd, både som forløyser og som uhyre. Ein del avisopplag, både i Tyskland og her i landet, framstilte han nok som meir radikalt kommunistisk og reformistisk enn han eigentleg var, og sjølvsgt gjekk mange av dei svertande omtalane frå motsett hald altfor langt i å skildre han som pervers, grenselaus og ytterleggåande i kampen for seksuell frigjering. Ikkje minst på nazistisk side vart Hirschfeld ein viktig figur i det fiendebildet som vart teikna opp, og det er tydeleg at mange av dei mest hatske innlegga i norske aviser henta inspirasjon frå Tyskland. Vi ser elles at mange av dei positive omtalane kom i aviser som var knytte til arbeidarrørsla eller var organ for parti på sosialistisk side. Hirschfeld er fleire gonger å finne i *Arbeiderbladet* sin spalte «Kvinnesiden», der Rachel Grepp frå 1922 hadde hovudansvaret i lang tid. Mens både avisa, under redaktør Martin Tranmæl, og Arbeidarpartiet framleis var venleg innstilte til Sovjet, passa Hirschfeld godt inn når dei sovjetiske seksualreformene skulle framstillast som førebilete. Her fekk han komma med ekspertvurderingar av sovjetiske framsteg, sjølv om «Kvinnesiden» jamt over var meir opptatt av kvinnesak og familiepolitikk enn av seksuelle minoritetar.

#### **Kjelder:**

Matthias, Blazek. 2009. *Haarmann und Grans. Der Fall, die Beteiligten und die Presseberichterstattung*. Stuttgart: Ibidem.

Hans Fredrik Dahl, Bernt Hagtvet og Guri Hjeltnes. 1990. *Den norske nasjonalsosialismen: Nasjonal Samling 1933–1945*. Oslo: Pax.

Ralf Dose. 2014. *Magnus Hirschfeld. The origins of the gay liberation movement*. Omsett av E.H. Willis. New York: Monthly Review Press. (Original på tysk i 2005: *Magnus Hirschfeld: Deutscher, Jude, Weltbürger*. Berlin: Hentrich & Hentrich)

Runar Jordåen. 2008. Zur Geschichte der Magnus-Hirschfeld-Rezeption in Norwegen. *Mitteilungen der Magnus-Hirschfeld-Gesellschaft* 39-40, 54–64.

Thomas Nilsen. 2010. Antisemittisme og antijudaisme i Vestfold 1918–1942. En undersøkelse av lokale antisemittiske og antijudeiske holdninger i avispressen. Masteravhandling ved Det teologiske menighetsfakultetet.

Ragnar Ulstein. 1995. *Jødar på flukt*. Oslo: Det Norske Samlaget.